

ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2005

Årsmeldinga omfattar følgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del
2. Viltforvaltning
 - 2.1 Villreinforvaltning
 - 2.2 Småviltforvaltning
3. Fiskeforvaltning
 - 3.1 Fiskeutsetting
 - 3.2 Prøvefiskeresultat
 - 3.3 Garnfiskestatistikk
 - 3.4 Kalking
 - 3.5 Anna fiskekultivering
4. Fjellstyrehytte
5. Beiteleiga
6. Anna

1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2004 og 2005 viser følgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2005	2004	UTGIFTER, DRIFT	2005	2004
Salsinntekt	652 269	506 741	Lønskostnader	29 694	43 141
Anna driftsinntekt	12 490	15 699	Avskrivingar	2 350	2 350
Renteinntekt	46 813	48 524	Anna driftskostnad	405 967	327 323
Årsresultat	273 559	198 134			
Bankinnskot	2 790 307	2 413 026			

Inntektene:

- Inntektsnivået er auka som følgje av at det var villreinjakt.
- Største inntektpostane er sal av småviltjakt, villreinjakt, fiske, reguleringserstatningar, tilskot til tiltak mot spreiing av ørekyte og festeinntekter.
- Anna driftsinntekt omfattar leigeinntekter frå fjellstyrehytte.

Utgiftene:

- Største utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, tilskot til samarbeidsorganet for fjellstyrta på Hardangervidda og drift/vedlikehald av fjellstyrehytte.
- Andre faste kostnader er lønskostnader som omfattar styrehonorar og forsikringspremiar.
- Fiskekultivering var ein stor utgiftspost i 2005.

Årsresultat:

- Kr 75 000 i auka inntekter i 2005 er i det vesentlege som følgje av inntekt frå villreinjakt og tilskot til tiltak.

2. Viltforvaltning

2.1 Villreinforvaltning

Planen for oppbygginga av villreinstamma på Hardangervidda føresette ei forsiktig jakt i 2005. Samla kvote vert sett til 2500 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 169 fellingsløyve. Samjaktordningar med private vald i Eidfjord gav ei gjensidig samjakt nord for Nordmannslågenvassdraget. Fjellstyret disponerte 25 % av kvota til dei private valda som kompensasjon for denne ordninga. I tillegg var det samjaktordning med Ullensvang fjellstyre der passersetlar gav 12 jegerar frå Ullensvang høve til å bruka Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget og visa versa.

Det vart felt 34 dyr på kvota til fjellstyret. Totalt for kommunen vart det felt 56 dyr, truleg vart det meste felt på statsallmenningen.

Jakttida var satt til 26.08-25.09, denne vart ikkje samordna med andre område, noko det var kritikk på i etterkant.

2.2 Småviltforvaltning

Statistikken for småviltjakta viser jegerpresset målt i jegerdagar pr. km² på grunnlag av innkomne rapportar. Jegerdøgn/km² er eit mål for kor hardt jakttrykk det er på rypestamma.

Småviltområde	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
Område 1 rype/jegar jegardøgn/km ²	9,8 0,9	4,6 1,2	9,5 0,7	7,0 0,7	9,2 0,2	6,0 0,4	3,3 0,7	6,7 0,5	3,3 0,6	3,3 0,8	7,5 0,9	7,0 0,7
Område 2 rype/jegar jegardøgn/km ²	9,0 1,6	3,1 1,3	5,6 0,9	5,2 0,3	10,3 1,7	6,2 0,9	3,3 0,9	8,5 0,9	7,8 0,4	2,0 1,1	3,5 1,6	3,8 1,1
Område 3 rype/jegar jegardøgn/km ²	3,8 2,2	1,9 1,9	4,1 1,5	3,9 1,5	5,8 0,5	3,7 1,3	4,1 0,6	4,4 1,5	5,5 1,5	2,0 1,4	3,3 1,7	2,7 0,8

Fjellstyret inngjekk eit samarbeid med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta. 2005 var eit prøveår og takseringa vart ikkje gjennomført i det omfang som var planlagt. Resultatet viser ein tettleik på 8 ryper/km² (4-18 innanfor 90 % sikring). Rapporter frå jakta tilseier at det har vore eit uttak på 25 % (11-49 % innanfor 90 % sikring). Fleir år med erfaring og betring av statistikkgrunnlaget vil kunna gje meir presise tal.

3. Fiskeforvaltning

Fiskeforvaltninga har omfatta følgjande område:

3.1 Fiskeutsetting

Til saman var det sett ut 4 000 setjefisk pluss 1137 villfisk fordelt på følgjande vatn og tjørn:

Tinnhølen 1004 villaure	Nordmannslågen 4 000 + 133 villaure
-------------------------	-------------------------------------

Villfisen som var slept i Tinnhølen vart fiska med elektrisk fiskeapparat i Svinto og Bjoreio i Bjoreidalen. Fisen vart frakta i transportkar med oksygen til Tinnhølen.

Fiskeressursprosjektet sto for det meste av fangsten, 481 aurer vart feitfinneklippa og resten 523 vart individmerka. Mellomtrinnet ved Lægreid skule hadde fiskedag i Bjoreio der dei fiska opp 81 aurer, desse inngjekk i utsetjingane i Tinnhølen.


Villfisen som vart slept i Nordmannslågen vart fanga med storrusa i Lakadalstjørn.

3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvefiska i 2005;
Svartavatnet og Svartavasstjørn.

Tiltak og konklusjonar frå dei enkelte prøvefiske:


Svartavatnet



Konklusjon/tiltak

- Fiskestamma ser ut til å gje ei årleg avkasting på om lag 100 kg.
- Det er ikkje naudsynt med utsetjingar i vatnet.
- Fordeling av lengdegrupper frå prøvefiske er ikkje direkte samanliknbart pga at det er nytta ulike prøvegarnserier, i 2004 vart det fanga meir småfisk.


Svartavasstjørn



Bestanden i Svartavasstjørn er svært tett og den treng tynning. Det er vanskeleg å bygge opp stamma av marflo og skjoldkreps med så mykje fisk i vatnet. Interessa for fiske vert og låg med därleg fiskekvalitet. Tynnings- og prøvefiske i 2005 tok ut ca 50 kg. Dette utgjer om lag 1,3 kg/ha, truleg må dette uttaket fortsetja i fleire år for at fiskestamma skal betra seg i kvalitet.

3.4 Kalking

Kalkinga av Svartavatnvassdraget fortsette for fullt i 2005. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og døme med utviklinga av kalsium for utløpet av Drageidfjorden viser stabil og god effekt av kalking gjennom auka evne til å motstå surt vatn.




3.5 Anna fiskekultivering

Det er ikkje registrert spreiling av ørekyte. Utanom kontroll med elektrisk fiskeapparat er det kontrollert med ruser i tjørn aust for Stigstuv. I Hætjørn finst ørekyta, her vart det teken ut om lag 436 ørekyte.

Det er utarbeida driftsplan for fiskeressursane i allmenningen. Klage på forslag til endringar i garnfiskereglane medførte at planen er sendt DN for endeleg avgjer.

Garnfiskestatistikken vart utførleg referert i jolenummeret til Eidfjord Nytt og vert difor kort oppsummert her.



Til saman var det 114 som hadde løyst garnfiskekort. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

Fjellstyret prøvde ut storrusa i Lakadalstjørn. Erfaringane tilseier at rusa fungerer til fangst av aure i vatn i fjellet, men kostnadene kan fort verta høge dersom arbeidet skal gjerast med løna mannskap og transporten vert teken med helikopter.

4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leidt ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hytteboka, men er i ulik grad med i statistikken under. Utleige til småviltjegerar er redusert som følgje av reinsjakta. Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepene "persondøgn". Både vaksne og born er rekna som overnatting for ein person i eit døgn i statistikken under.

Hytte	Persondøgn i 2003	Persondøgn i 2004	Persondøgn i 2005
Gamla Sandhaug	4	3	18
Tinnhølen	80	56	34
Krobu	50	29	17
Stigstuv	0	4	10
Viersla	4	0	2
Langavasshadle	49	16	1

4.1 Hyttestyret

Hyttestyre sine oppgåver er å syta for:

- Rundvask på alle hytter med bruk av ung i arbeid
- Utkøyring av ved, gass og anna naudsynt utstyr til hyttene
- Mindre vedlikehald etter behov

Krobu : Oppsynet utførte arbeidet med å skifta glas, utvida gangen og forlenga køyene. Hytta er no god til vinterbruk.

Viersla: Roteskader i hovudhytta er utbetra i tillegg er det gjort ferdig mindre arbeid som ikkje var avslutta året før.

Gamla Sandhaug: Fjellstyret er i gang med å planleggja ny hytte som erstatning for helikopterbrakka. I tillegg er eine hjørnet på Førarbua i ferd med å gli ut og må murast opp att.

5. Beiteleiga

Beiteleiga med Halne beitelag er forlenga til 2007, samstundes er det gjeven klar melding at det ikkje vert høve til forlenging av beiteleiga. Fjellstyret meiner beitelaget innan 2007 skal finna alternative beite.

6. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver i tråd med vedteke budsjett og i samarbeid med hyttestyret for det arbeidet som gjeld fjellstyrehyttene. Omfanget av avtala fiskekultivering gjekk utover omfanget av oppsynet.
- Utbetring av kryssinga av Bjoreio ved Fossane er utført av Kvamsdal graveservice. Som ei prøveordning vart det lagt ut vadestokkar på både sider for folk å hjelpe seg med ved kryssinga. Etter nærmere vurdering vart det vedteke ikkje å flytta parkeringsplassen.
- Liv Myklatun er styremedlem til styret for Hardangervidda fjelloppsyn AS.
- Aslak Myrvang har vore styremedlem til Noregs Fjellstyresamband og representert regionen; Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Aust-Agder.

Eid fjord fjellstyre

Aslak Myrvang

- s -

Liv Myklatun

- s -

Halldis M. Riber

- s -

Tom Karsten Garen

- s -

Leidulf Garen

- s -

Olav H. Eidnes

- s -

Helga Ø. Opedal

- s -